



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1587 - 16/15263

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.06.2016

Førebels svar og trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 85/21 Kvalvåg.

Kommunen viser til søknad mottatt 12.05.2016.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Privatrettslege tilhøve

Eigedomen skal knytast til kommunalt vassverk via privat leidningsnett. Tilknytingspunktet til kommunalt nett er plassert som vist på kartutsnittet. Det må dokumenterast rett til å nytta privat leidningsnett.



Ansvarsrettar



Det ligg ikkje føre erklæringar om ansvarsrett i saka.

I gjennomføringsplanen er det oppgitt at tiltakshavar skal ha ansvar for gravearbeidet. Gravearbeidet skal utførast av føretak som har tilstrekkeleg kvalifikasjonar til å erklæra ansvar. Dette kan skje ved at nytt føretak erklærer ansvar for arbeidet eller at Lindås Rør & Sanitær AS også tek på seg ansvaret for dette arbeidet når dei erklærer ansvar.

Avlaupsløysing

Kommunen har ingen opplysningar i arkivet om kva avlaupsløysing eigedomen har. Før søknadane vert handsama må det gjerast greie for kva avlaupsløysing eigedomen har og når denne har blitt etablert.

Fristar

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.07.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Vi gjer merksam på at søknaden ikkje oppfyller vilkår for 3 veker sakshandsaming då det ikkje ligg føre godkjend søknad om tilknytning til kommunalt vassverk. Sakshandsamingsfristen er 12 veker.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk drift

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ